

ÅRSMELDING 2023



INNHALD

3	Nøkkelopplysingar
4	1 Innleiing
5	1.1 Direktøren har ordet
6	1.2 Hovudtal for 2023
8	1.3 Sterkare alliansar
10	1.4 Organisasjonskart
11	1.5 Mangfaldsplakat
12	2 Forsking og samling
13	2.1 Forsking og kunnskapsutvikling
14	2.2 Dokumentasjon og innsamling
16	2.3 Formidling og ivaretaking av samlingane
18	3 Formidling
19	3.1 Formidling for hjarte og hovud
20	3.2 Kulturformidling på turné
21	3.3 Digital formidling
24	3.4 Haugesenteret og Poesifestivalen
26	3.5 Vinjesenteret og Litteraturdagane
28	3.6 Aasentunet og Festspela
30	4 Fellesfunksjonar
30	4.1 Organisasjon
31	4.2 Økonomi
32	4.3 Sal
33	4.4 Kommunikasjon
34	5 Strategi 2023–2028
37	Signaturar
38	Rekneskap

FOTO

André Hustoft Nesheim – side 1, 3, 4, 7, 15,
18, 24, 25, 26, 27, 28, 29, 30, 35
Ingvil Skeie Ljones – side 3, 24
Mads Eslund. – side 12

Jacob Stærk Jacobsen / Stærk Kommunikation – side 18
Guðrun Semons – side 26
Nynorsk kultursentrum – side 3, 4, 5, 12, 15, 17, 18, 22, 23, 25,
27, 28, 29

Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur



Skipa 31. august 1993 Organisasjonsnummer 976 013 263

Direktør Per Magnus F. Sandmark til 24.4.2023

Konstituert direktør Gaute Øvereng frå 24.4.2023 til 27.11.2023

Direktør Olav Øyehaug Opsvik frå 27.11.23

ARENAER



STYRET 2023

Namn	Rolle	Oppnemd av	Periode
Reidar Sandal	leiar	Kultur- og likestillingsdepartementet	1.1.2022–6.11.2023
Amela Koluder	leiar	Kultur- og likestillingsdepartementet	8.11.2023–
Amela Koluder	nestleiar	Kultur- og likestillingsdepartementet	1.4.2020–8.11.2023
Sæbjørn Forberg	nestleiar	Kultur- og likestillingsdepartementet	8.11.2023–
Kristin Bakken	medlem	Kultur- og likestillingsdepartementet	1.4.2022–31.3.2026
Hilde Løkensgard Bjørnsvik	medlem	Kultur- og likestillingsdepartementet	27.2.2018–31.3.2022
Sæbjørn Forberg	medlem	Kultur- og likestillingsdepartementet	1.4.2018–8.11.2023
Jan Olav Baarøy	medlem	Kultur- og likestillingsdepartementet	20.12.23–
Siri Beate Gjerde	medlem	dei tilsette	27.2.2018–31.3.2024
Lars Kvestad	medlem	rådet	3.12.2020–31.3.2024
Janne Nygård	medlem	rådet	27.2.2018–31.3.2026

Styret har hatt 15 møte og behandla 77 saker.

Varamedlemmer for Kultur- og likestillingsdepartementet

1. Monica Bjermeland (1.4.2022–31.3.2026)
2. Geir Sverre Braut (1.4.2022–31.3.2026)

Varamedlem for rådet

Ellen Skodjevang Bø (1.4.2020–31.3.2024)

Varamedlem for dei tilsette

Stein A. Hevrøy (1.4.2020–31.3.2024)

Rådsordførar

Hege Lothe, Vestland fylkeskommune (2022–2024)

Varaordførar: Unni Fuglestad, Rogaland fylkeskommune (2022–2024)

STIFTARAR OG PARTNARAR

- Høgskulen i Volda
- Høgskulen på Vestlandet
- Landssamanslutninga av nynorsk kommunar
- Litteraturselskapet Det Norske Samlaget
- LL Det Norske Teatret
- Møre og Romsdal fylkeskommune
- Møreforsking AS
- Noregs Mållag
- Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet
- Noregs Ungdomslag
- Rogaland fylkeskommune
- Stiftinga Møre folkehøgskule
- Stiftinga Viti
- Ulvik herad
- Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet
- Universitetet i Bergen
- Universitetet i Oslo
- Vestfold og Telemark fylkeskommune
- Vestland fylkeskommune
- Vestmannalaget
- Vinje kommune
- Volda kommune
- Ørsta kommune

**Den Høgvørde
Kronprinsesse Mette-Marit
er kongeleg beskyttar
for stiftinga 2021–2025**

1 INNLEIING



804 barnehagebarn deltok i det årlege barnekunstprosjektet til Nynorsk kultursentrum i 2023. Totalt såg 1570 barn og vaksne utstillingane



Skriveverkstaden «Olav H. og eg» er mykje nytta i formidlinga for ungdom, der dei lærer om lyrikk og skapar dikt sjølve. I 2023 deltok til saman 350 elevar på verkstaden i regi av Haugesenteret



Arbeidet med å digitalisere og gjere bøkene i boksamlinga til Ivar Aasen tilgjengeleg på digitaltmuseum.no vart slutført i 2023

1.1 Direktøren har ordet

*Olav Øyehaug Opsvik,
direktør i Nynorsk kultursentrum*



Arbeidet for nynorsk skriftkultur krev at vi evner å sjå lange linjer både bakover og framover i tid. I 2023 har vi fått sterke påminningar om at arbeidet nyttar.

FRØ, SPIRER OG BLOMAR

Etter fleire uvanlege år, med mellom anna pandemi og omorganisering, vart 2023 nok eit krevjande år for Nynorsk kultursentrum. I løpet av året har både ein direktør og ein styreleiar gått av med direkte verknad.

Både i åra før og i løpet av 2023 har dei tilsette tolmodig sådd frø og arbeidd fram nye satsingar på formidling og forskning. Med omsyn til utfordringane dei tilsette har hatt, er det ekstra godt så sjå at frøa jamvel spirer og blømer.

Forskarane våre produserer stadig ny kunnskap og styrkjer samarbeidet vårt i ulike forskingsnettverk. Samarbeidet vårt med Store norske leksikon gjer at fleire enn nokon gong får tilgang til kvalitetssikra kunnskap på nynorsk, og for første gang er heile boksamlinga til Ivar Aasen tilgjengeleg for allmenta i digital form på DigitaltMuseum.

Gjennom formidlinga har vi nådd fram til meir enn 25 000 gjester i 89 kommunar. Vi har gjennomført målretta og

engasjerande prosjekt for barn og unge med barnekunstutstillingar i 34 kommunar, og vennskapssongen «Kom som du er» vekte dansefoten i klasserom frå nord til sør.

Slik sår vi stadig nye frø som vil spire og bløme i åra som kjem.

Det fremste dømet på ei slik bløming i 2023 var då nobelprisen i litteratur endeleg vart tildelt Jon Fosse. Prisvinnaren var sterkt medviten om at den store kunsten han har skapt ikkje oppstår i eit vakuum. Tildelinga gir oss enorm inspirasjon til vidare arbeid for nynorsk skriftkultur i heile landet.

O. Ø. Opsvik

Ørsta, 22. februar 2024

Olav Øyehaug Opsvik, direktør

1.2 Hovudtala for 2023

FORSKING OG SAMLING

Tilgjengelege
objekt på nett




+ 29 pp frå 2022

Transkriberte minneintervju



+ 19 frå 2022


Tilsette med forskningstid



- 2 frå 2022

FORMIDLING

Samla gjestetel




Prosentvis barn og unge
av totalt gjestetel




- 8 pp frå 2022

Deltakarar i fokusgrupper



Rådgivarar med vitskapleg
førstekompetanse
til formidlingsprosjekt



SAMARBEID OG UTVIKLING

Frivillige

83 - 31 frå 2022




Eigenkapital av
driftskostnader



+ 4 pp frå 2022

Kommunar med aktivitet

89 - 15 frå 2022



Formidlar Anja Haugland Svingen fortel om dikting og poesi til elevar som er på besøk på Haugesenteret



Formidlar i Aasentunet, Ida Karin Aarflot Kornberg, fortel både historia om språkforskaren Ivar Aasen sitt liv og virke, og om språk og skriftkultur i dag



Utstillingsansvarleg Kristin Person gjer ei vandreutstilling for utsending




Utstillinga ved Vinjesenteret er tilpassa både unge og vaksne.



Ved Haugesenteret kan ein blade i boksamlinga til Olav H. Hauge.

1.3 Sterkare alliansar

Nynorsk kultursentrum har i 2023 styrkt det formelle og praktiske samarbeidet med andre institusjonar og organisasjonar.



PROSJEKTSAMARBEID



Saman med Bjørnsonfestivalen får Nynorsk kultursentrum over 1,5 millionar frå fylkeskommunen, alle kommunane i Møre og Romsdal og fleire private aktørar for formidling av litteratur i heile fylket. Det styrkjer det regionale nærværet for begge institusjonane.

EØS-SAMARBEID

Saman med det latviske språksenteret Valodu muzejs/ House of Languages i Riga har me fått EØS-midlar til eit toårig prosjektsamarbeid. Målet er å formidle skriftkulturen til to språklege mindretal (nynorsk og latgalisk) på ulike områder i Europa.

NYNORSKE PILOTBIBLIOTEK

Nynorsk kultursentrum samarbeider med biblioteka ved Skeisvang vgs. (Haugesund) og i Sandnes, Hægebostad, Lom og Hemsedal kommunar om å styrkje nynorskformidlinga i bibliotek.

VEIEN TIL VERDENSLITTERATUREN

Veien til verdenslitteraturen (MAP) er eit forskingsprosjekt med støtte frå forskingsrådet som kartlegg vegane norsk litteratur tok for å bli "verdslitteratur" i den første halvdel av 1900-talet. Nynorsk kultursentrum er representert ved forskar Il Narve Fulsås.

LESEDIGG

Saman med Landssamslutninga for nynorsk kommunar, Framtida Junior, Vestland fylke og Nynorsksenteret driv me nettsida Lesedigg, som gir lesetips til barn.

FORMELLE NETTVERK

NYNORSK FORUM

LITTERATURNETTVERKET

POESINETTVERKET

FAGRÅDET FOR FORSKING I MØRE OG ROMSDAL

LITTERATURFESTIVALNETTVERKET

NYNORSKFYLKET VESTLAND

FORUM FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA

DET NASJONALE PRIVATARKIVNETTVERKET


PRIVATARKIVNETTVERKET I MØRE OG ROMSDAL

FORSKARNETTVERKET FOR SKRIFTKULTURAR

INTERNASJONALT SPRÅKMUSEUMSNETTVERK

FORSKINGSINFRASTRUKTUR FOR MUSEA I VESTLAND

1.4 Organisasjonskart



* ca. halve stillinga er nasjonale formidlingsoppgåver

** heile stillinga er nasjonale formidlingsoppgåver

*** arenaleiarane har drifts- og personalansvar for heile arenaen

1.5 Mangfaldsplakaten

MANGFALDS- PLAKATEN



Nynorsk er ideen om at eit mangfald i tale kan samle i skrift. Mangfaldet i samfunnet må også vere synleg i arbeidet til kulturinstitusjonar. Nynorsk kultursentrum arbeider med å sikre relevans for og representasjon frå ulike grupper menneske. Omgrepet mangfald rommar dimensjonar som geografisk, sosial og kulturell bakgrunn, kjønn, funksjonsevne, religion og verdisyn, legning og alder.

SKAPARMANGFALD

1. Mangfald skal alltid vere tema når me skal engasjere skaparar og utøvarar
2. Støtt opp om nye røyster som kan utvide mangfaldet innan sitt uttrykk eller sjanger

BRUKARMANGFALD

3. Undersøk om det er noko me kan gjere som senker terskelen for å delta
4. Følg retningslinjer og råd om universell utforming
5. Oppsøk og bli kjend med nye miljø og målgrupper for å få relevante innspel
6. Gjennomfør alltid test av tilbod, program og idear på relevante målgrupper

INNHALDSMANGFALD

7. Språk og bilete skal vise at me inkluderer og er mangfaldige
8. Referansar og døme skal vise at me kjenner mangfaldet som finst, både i no- og fortid
9. Jemfør gjerne med andre delar av verda

ORGANISASJONSMANGFALD

10. Informer aktuelle miljø som kan auke mangfaldet i organisasjonen om ledige stillingar
11. Nytt mangfaldet i organisasjonen til både administrative, kulturelle og akademiske prosjekt

MINDRETALSMEDVIT

12. Hugs at me er med på å definere kva ein nynorskbrukar er og gjer, og at å vere nynorskbrukar også er å vere ulik, ha ulik bakgrunn og ulike preferansar


2 FORSKING OG SAMLING



Konservator Anne Natvig frå disputasen ved Universitet i Oslo, saman med rettleiarane sine.




Redaksjonsgruppa for publikasjonen Om det menneskelege og det ikkje-menneskelege. Ti tekstar om lyrikk (2023), den tredje boka frå Forskningsnettverket for poetisk tenking



Deltakarane i forskingsprosjektet Næringslivshistorie frå Møre og Romsdal var i mai 2023 på studietur til Edinburgh, der dei blant anna fekk høyre professor emeritus Arne Dagfinn Kruse ved University of Edinburgh fortelje om språksituasjonen i Skottland


2.1 Forsking og utvikling

Autorisert konservator




+ 0 frå 2022

Tilsette med ph.d.



+ 1 frå 2022

Fagfelleverderte artiklar



+ 0 frå 2022

Tilsette med forskningstid



- 2 frå 2022

Nynorsk kultursentrum nyttar forskning og kunnskapsutvikling frå egne tilsette og andre til å styrkje formidlinga og forvaltninga av nynorsk skriftkultur.

Forskarkompetanse

Nynorsk kultursentrum arbeider systematisk med å byggje opp forskingskompetansen i organisasjonen, og det er siste åra gjort eit forskingsløft i heile organisasjonen. Forskar II bidreg til å styrkje forskarmiljøet i institusjonen, både som rettleiar og med eiga forskning. Ein tilsett har fullført doktorgrad med avhandlinga *Fragmented professionalism: Journalism culture in Cuban state media*. I tillegg til fire publiserte forskingsartiklar i løpet av 2023 har fleire tilsette også artiklar under arbeid.

Forskningsformidling

Kunnskapsdeling og forskningsformidling er ei av kjerneoppgåvene våre. Som del av styrkinga av forskingsarbeidet i organisasjonen arbeider vi også med på å formidle forskinga vår til ulike målgrupper. For å sikre forskingsbasert formidling brukar vi egne og eksterne forskarar med førstestillingskompetanse ved utvikling av større formidlings- og utviklingsprosjekt, som til dømes produksjonar for Den kulturelle skulesekken, vandreutstillingar og festivalprogram. Vi har også sett i gang arbeid med forskning og kunnskapsutvikling for ny basisutstilling i Aasentunet.

Prosjekt og nettverk

I 2023 deltok NK i fleire forskingsprosjekt, mellom anna Protestantisk etikk og kapitalistisk ånd? Næringslivshistorie frå Møre og Romsdal. NK er òg med på forskingsprosjektet *Made Abroad: Producing Norwegian World Literature in a Time of Rupture 1900–1950*. Desse er høvesvis finansierte av museumsprogrammet i Kulturdirektoratet og programmet for banebrytande forskning i Forskningsrådet. I tillegg er vi deltakarar i prosjektet Forskningsinfrastruktur for musea i Vestland og i fagrådet for forskning i Møre og Romsdal.

Stiftinga driftar Forskningsnettverk for poetisk tenking, som arrangerer forskingsseminar og publiserer vitenskaplege publikasjonar. Nettverket har vore aktivt sidan 2015 og er eit samarbeid mellom Nynorsk kultursentrum og litteraturforskarar frå ei rekkje norske universitet og høgskular. Vi deltek òg i forskarnettverket for skriftkultur, som er administrert av Høgskulen i Volda. Våre tilsette byggjer sjølve nettverk innfor sine egne og tilgrensande fagfelt. Vi har årleg felles fagseminar saman med dei ulike nynorskfaglege miljøa ved Høgskulen i Volda. I 2023 arrangerte vi fagdagen «Frå barnehagebarn til nynorskelev – den språklege overgangen frå barnehage til skule» saman med Høgskulen i Volda og Nynorsksenteret i samband med Festspela.

Fagfelleverderte publikasjonar i 2023

- Stein A. Hevrøy: «Diktet si utstrekke hand til det ikkje-menneskelege. Eit forsøk på å tenke gjennom lyrikken til Tor Ulven, Kjartan Hatløy og Nils-Aslak Valkeapää», i Om det menneskelege og det ikkje-menneskelege. Ti tekstar om lyrikk. Novus forlag.
- Stein A. Hevrøy: «Stokkebåten, «Stokkebåten» og «Sanningi» – Museale og litterære refleksjonar om Olav H. Hauges diktning», i Norsk museumstidsskrift 1–2.
- Stine Stennes Hovdenakk: «'Kvinder, som skaper formuer'. Haldningar til «kvinna» i avisene og kvinnelege næringsdrivande i Ålesund i 1865 til 1920», i Heimen nr. 1–2.
- Stig J. Helset og Trude Bukve: «Lesing av artiklar i Store norske leksikon: Ein komparativ studie av lesarane sin bruk av og haldningar til artiklar som er publiserte på høvesvis bokmål og nynorsk», i Maal og Minne nr. 2.

2.2 Dokumentasjon og innsamling

Transkriberte minneintervju




+19 frå 2022

Sidevisingar av nynorskartiklar i Store norske leksikon (snl.no)



**STORE
NORSKE
LEKSIKON**



Nynorsk kultursentrum dokumenterer og forvaltar historia om nynorsk skriftkultur, både frå fortida og samtida – for framtida.

Privatarkivnettverk

Nynorsk kultursentrum er gjennom avtale med Arkivverket nasjonal koordinator for arbeidet med privatarkiv knytt til nynorsk språk og skriftkultur i arkivsektoren. Som ein del av dette arbeidet er vi også medlem i det nasjonale privatarkivnettverk. NK deltek også i privatarkivnettverket for Møre og Romsdal. Deltaking i nettverka sikrar oss nødvendig kompetanse og nettverk for å både kunne ta vare på nynorsk skriftkultur sjølve, og å vere ein god rådgivar for andre.

Som nasjonal koordinator skal NK lage ein nasjonal bevaringsplan for privatarkiv knytt til nynorsk skriftkultur. Første steget i dette arbeidet er å er å kartleggje kva som finst av privatarkiv knytt til målreising og nynorsk kulturhistorie. Dette store kartleggingsarbeidet tok til i slutten av 2023 med utsending av spørreskjema til fleire hundre institusjonar, organisasjonar og privatpersonar.

Samtidsdokumentasjon


Dei siste åra har NK gjennomført ei rekkje minneintervju med personar som på ulike vis har gjort ein viktig innsats for nynorsk skriftkultur. I 2023 vart 19 minneintervju transkriberte, og med det er alle minneintervjua som er gjennomført til no festa til skrift. Kombinasjonen av video, lyd og transkriberte versjonar gjer at dei er gode utgangspunkt for vidare forskning.

Store norske leksikon

Nynorsk kultursentrum held fram det gode samarbeidet med Store norske leksikon for å auke nynorskdelen i oppslagsverket. Både SNL og NK er opptekne av at artiklar på og om nynorsk skal nå flest mogleg.

I 2023 auka talet på artiklar på nynorsk med 1130 artiklar, og ved utgangen av året var over 20 000 av artiklane på snl.no på nynorsk. Alle hovudkategoriane i leksikonet har no over 100 artiklar på nynorsk, som betyr at nynorsk blir brukt om mange ulike emne og fagområde. I 2023 fekk leksikonet eiga temaside om nynorsk på snl.no. Temasida bidreg til å synleggjere fleire delar av nynorsk kulturhistorie i Store norske leksikon enn tidlegare. Det kom også på plass standardtekstar på både nynorsk og bokmål for rammeverket i SNL, slik at også standardtekstar rundt artiklane følgjer språket i artikkelen. Som del av samarbeidsavtalen bidreg NK med nyskrivne artiklar, språkhjelp og redigering av eksisterande artiklar på eller til nynorsk i SNL.

I samband med at SNL tok over Allkunne i 2021 vart det sett i gang ei gransking av lesaropplevingar av og haldningar til elles like leksikonartiklar på høvesvis bokmål og nynorsk i SNL. Studien vart gjennomført av Stig J. Helset ved Høgskulen i Volda og Trude Bukve ved Høgskulen på Vestlandet, og vart publisert i Maal og Minne i 2023.



Temasida om nynorsk i Store norske leksikon /snl.no.



Prosjektgruppa for bevaringsplanen. Frå venstre: Konservator Stine Stennes Hovdenakk, spesialrådgivar Stina Aasen Lødemel (prosjektleder) og konservator Fredrik Hope



Delar av samlinga i Aasentunet i eitt av to magasin

2.3 Formidling og ivaretaking av samlingane



Nynorsk kultursentrum har ansvar for bevaring og formidling av fleire samlingar og arkiv. Dei største er boksamlingane etter Olav H. Hauge og Ivar Aasen.

Publisering på DigitaltMuseum

Inkludert foto har talet på publiserte objekt på DigitaltMuseum auka frå 47% til 76% i 2023. Det meste av auken kjem av arbeidet med registrering av boksamlingane til Ivar Aasen og Olav H. Hauge. Den nye kunnskapen som blir gjort tilgjengeleg med desse publiseringane har stort potensiale for forskning, utvikling og formidling.

Aasen-boksamlinga vart ferdig fotografert og registrert i Primus, og slik gjort tilgjengeleg i sin heilskap på DigitaltMuseum i 2023. Til saman er det registrert om lag 2500 bøker og særprent med ulike tema. I tillegg kjem tidsskrift, aviser, teaterprogram, brev, kvitteringar, kart, med meir. I Primus og DigitaltMuseum er boksamlinga registrert på 1872 postar, og inneheld nærare 7500 enkeltobjekt. I tillegg til bokomslag og tittelside er alle sider som inneheld dedikasjonar, notat, understrekingar og anna fotograferte. Notatlappar av Ivar Aasen som er funne i gjennomgangen er også transkriberte, noko professor emeritus Terje Aarset har stilt opp med uvurderleg frivillig hjelp til.

Ved utgangen av 2023 var om lag halve Hauge-boksamlinga registrert og gjort digitalt tilgjengeleg. Hauge-boksamlinga består av om lag 4100 bøker. Arbeidet med å gå gjennom samlinga og registrere, fotografere og publisere bøkene på DigitaltMuseum held fram i 2024.

Samlingsforum

Gjennom året har vi hatt fleire møte i samlingsforumet vårt, som vart oppretta i slutten av 2022. Parallelt med andre tiltak har forumet bidratt til ei meir heilskapleg samlings-

forvaltning og betre rutinar for inntak, avklaringar og avtalar knytt til samlingane.

Oppbevaringstilhøve


Nynorsk kultursentrum har jamt over gode oppbevaringstilhøve for samlingane våre. Likevel er det naudsynt med nokre tiltak og gjennomgangar av ulike delar av samlingane for å sikre best mogleg oppbevaring for ulike typar materiale. Etter at det blei avdekt behov for utbetringar av ventilasjonssystemet ved Haugesenteret har vi i 2023 iverksett mellombelse tiltak og vil i perioden 2024–2025 kartlegge varige løysingar som sikrar gode tilhøve for heile Haugeboksamlinga og samstundes vise fram ein større del av samlinga til publikum.

Gjennomgangen av Aasen-boksamlinga i utstillinga i Aasentunet har også ført til ny vurdering av tilhøva og nye tiltak. Mange av bøkene er i så dårleg stand at dei ikkje kan stå på hyllene. I tillegg har vi nokre sjeldne og verdifulle eksemplar som ikkje fullt ut er trygge i utstillinga. Desse vart flytta til gjenstandsmagasinet.


Kulturhistoriske bygningar

Nynorsk kultursentrum forvaltar fem kulturhistoriske bygningar. Alle desse vart vurderte til tilstandsgrad 1 i 2022. Det blir halde jamleg tilsyn med trea rundt uteområda for å førebyggje trefelling og skader ved sterk vind. Ei større grein på grana tett attmed smia i Aasentunet knakk på grunn av ein vekstfeil, men fall ikkje på bygningen. Det er ikkje gjort større tiltak i løpet av året, og det er heller ikkje vurdert større behov for nye sikringstiltak dei nærmaste åra.

Oppbevaringstilhøve kulturhistoriske gjenstandar



Oppbevaringstilhøve kunsthistoriske gjenstandar







Nye inntak i samlingane: Rullebanner frå FpU med teksten «F**k nynorsk» og bilete av Ivar Aasen som held ei Nynorsk ordliste. Banneret vart tatt inn i samlinga vår som døme på nynorskmotstand, noko som også er viktig å dokumentere



Konservator Stine Stennes Hovdenakk og bibliotekar Siri Beate Gjerde i Nynorsk kultursentrum har dei to siste åra arbeid med å gjere boksamlinga etter Ivar Aasen tilgjengeleg i digital form



Brev frå Friderich H. Conradi til Ivar Aasen, 1836 (museumsnr. IAAM-3024). Brevet er ein del av Aasen-boksamlinga. Transkripsjon av brevet kan lesast på DigitaltMuseum. (<https://digitaltmuseum.no/0210214212191/brev-fra-friderich-h-conradi-til-ivar-aasen>)



Nye inntak i samlingane: Brev eller fraktbrev frå Johannes Belsheim 4. desember 1896 med oversikt over sendinga av Aasens dødsbu slik det vart lasta ombord på dampskipet «Orion» til Egset. Brevet er underskrive av Mauritz Aarflot og Jon Aasen, som tok i mot sendinga

3 FORMIDLING



Å skape gode opplevingar på nynorsk for barn er ei av hovudoppgåvene til Nynorsk kultursentrum




*16-åringar med nynorsk som første-
språk er ei av hovudmålgruppene til
Nynorsk kultursentrum*




*Poet og produsent Odveig Klyve skreiv i 2022 diktet
Skjelv du på handa, Vladimir, som blei eit sterkt symbol
i Ukrainas kamp. Diktet vart omsett til om lag hundre språk.
Aasentunet og Vinjesenteret presenterte i 2023 ei utstilling
med nokre av omsetjingane og ein film med same dikt,
med lydverk av Nils Petter Molvær*

3.1 Formidling for hjarte og hovud

Deltakarar fokusgrupper



Førstekompetente rådgivarar om formidling



Nynorsk kultursentrum arbeider med å gjere formidling, samling og forskning meir relevant og representativt for fleire. Stiftinga arbeider medvite for å sikre brukar-, skapar- og innhaldsmangfald, med hjelp av ein mangfaldsplakat.

Hovudmålgruppene våre

Vi har tre hovudmålgrupper: 7-åringar med nynorsk som førstespråk, 16-åringar med nynorsk som førstespråk og vaksne som går ofte på kulturarrangement, bibliotek og museum.

Kunnskap om publikum og målgrupper

Heilt sidan år 2000 har vi gjennomført publikumsundersøkingar på arenaene, og seinare på nettstadane våre. I 2023 har vi styrkt kunnskapen om målgruppene våre gjennom målretta arbeid med fokusgrupper, prøveframsyningar og andre undersøkingar.

Språkleg mangfald

Ideen om eit nynorsk skriftspråk er trua på at ein kan vere ulike i lag. Språk kan sameine på tvers av geografisk avstand og sosiale skiljelinjer. Stiftinga er medviten det språklege mangfaldet i Noreg, og synleggjer dette i formidlingsaktiviteten vår. Vi arbeider også med globalt språkleg mangfald gjennom internasjonale nettverk og prosjekt.

Tilgjenge

Nettstadane våre følgjer retningslinjene for universell utforming. Publikumsområda på arenaene er tilrettelagde etter gjeldande forskrifter. Det er gratis inngang med følgjekort til alle arenaene.

Forskningsbasert formidling


Våre tilsette hentar inn oppdatert kunnskap om faginnhald og formidling gjennom å følgje med i relevante vitenskaplege og kulturfaglege fagmiljø. Ved større formidlingsprosjekt har vi som prinsipp at minst éin med førstekompetanse deltek i prosjektet.

Jubileum og feiringar


I 2023 markerte vi at det er meir enn 100 år sidan den første biletboka kom på nynorsk. I samband med dette jubileet laga vi ei nynorsk barnekunstutstilling. I samarbeid mellom folkebibliotek og barnehagelærarar las og diskuterte barn tre nynorske biletbøker: Bålet av Trude Tjensvold, Ulla av Anna R. Folkestad, og Jakob og Neikob og Tidsmaskinen av Kari Stai. Med bøkene som inspirasjon produserte barna kunstverk som skulle utgjere kunstutstillinga. Til saman deltok 804 barnehagebarn i alderen 4 til 6 år og 167 barnehagelærarar i 34 kommunar, frå Finnmark i nord til Rogaland i sør, med ulike kunstverk. Verka vart stilte ut ved lokale bibliotek før vi samla dei til ei nasjonal utstilling ved Vinjesenteret. Totalt såg 1570 barn og vaksne utstillingane.

3.2 Kulturformidling på turné


Elevar i Den kulturelle skulesekken



Dagar med vandreutstilling



Kommunar med aktivitet



89 - 15 frå 2022

Gjennom skuleframsyningar, utstillingar, konsertar, samtalar og foredrag har kulturformidlinga til Nynorsk kultursentrum nådd ut til heile landet. Vi hadde aktivitet i 89 kommunar, med tilbod frå Agder i sør til Finnmark i nord.

Vandreutstillingar

I 2023 vart sju av dei 42 vandreutstillingane våre synte fram 20 ulike stader med til saman 444 utstillingsdagar. Det er ein nedgang på grunn av redusert kapasitet til innsal, noko som igjen har gitt færre bestillingar. Vi produserte éi ny vandreutstilling i år, kalla Kva er ei ordbok?, i samarbeid med Universitetsbiblioteket i Bergen og med økonomisk støtte frå Høgskulen i Volda. Utstillinga vart laga i høve 150-årsjubileet for Ivar Aasens Norsk Ordbog med Dansk forklaring (1873) og vart først laga som ei temautstilling på Universitetsbiblioteket i Bergen. Vi reviderte vandreutstillinga om Jon Fosse: Kunsten i livet, frå 2009, som blir trykt på nyåret 2024.

Den kulturelle skulesekken

2790 elevar og 219 lærarar i 11 kommunar fekk oppleve fem produksjonar med til saman 58 framsyningar på turné gjennom Den kulturelle skulesekken (DKS) i 2023. Dette var ein markant nedgang i bestillingar samanlikna med dei siste åra, blant anna på grunn av meir pressa budsjettstøtte hjå dei fleste av fylka. Nynorsk kultursentrum har i løpet av 2023 tilpassa tilbodet i DKS, i tillegg til å ferdigstille to nye produksjonar: *Eg vil ha rytme!* *Eg vil ha ord!* og *Blindsone: basert på romanen Eit anna blick*. Vi laga for- og etterarbeid til dei nye produksjonane, og ei enkel handbok om DKS for alle utøvarane våre. I 2023 utbetra vi også dei to framsyningane *Hjarte i alle fargar* og *UTSYN | innsyn* med bruk av prøveframsyningar og fokusgrupper.

Arrangement på turné

Nynorsk kultursentrum besøker folkebibliotek og andre forsamlingslokale i heile landet med ulike formidlingskonsept. 15 667 personar var publikum på arrangement og turnear organiserte av Nynorsk kultursentrum utanfor musea våre i 2023. Dette er ein nedgang frå 24 308 frå 2022, hovudsakleg grunna redusert innkjøp i DKS og færre eigne turnear. 2023 var samstundes tredje året i prosjektet Litteraturhus i Møre og Romsdal, der Nynorsk kultursentrum og Bjørnsonfestivalen heldt oppe talet på turnear og nådde 4 745 gjestar fordelt på 110 arrangement. Folk i alle kommunane i Møre og Romsdal fekk dermed tilbod om unike litteraturopplevingar der dei bur. Fylkeskommunen si evalueringa av prosjektet viser at det har vore ei vellykka satsing med tilråding om vidareføring.

Nynorske pilotbibliotek

Nynorsk kultursentrum har fast samarbeid med folkebiblioteka i Sandnes, Lom, Hemsedal, Hægebostad kommunar, og skulebiblioteket ved Skeisvang videregående skole. Desse biblioteka blir nytta som arenaer for å prøve ut ulike formidlingsopplegg og opplegg for medverknad. Biblioteka blir derfor kalla Nynorske pilotbibliotek. Saman med biblioteka hadde vi utstillingar, foredrag og samtalar. I 2023 samarbeidde vi også tett med biblioteket og barna i Sandnes om å lage ei utstilling av og for barn, med utgangspunkt i nynorske biletbøker. Vandreutstillinga vil bli klar for utlån i 2024.

3.3 Digital formidling

Økter på alle nettstadane



134 310


Avspelingar video, songar og podkastar



70 339

+22 172 frå 2022

Følgjarar i sosiale medium



Nynorsk kultursentrum når flest brukarar digitalt. Vi gjer dette gjennom våre egne podkast- og YouTube-kanalar, publiseringar i sosiale medium, på nettstadane våre og i samarbeid med større digitale aktørar som Store norske leksikon og DigitaltMuseum.

Digitale høgdepunkt

Våren 2023 lanserte Nynorsk kultursentrum, i samarbeid med Nynorsksenteret, vennskapssongen «Kom som du er» på YouTube. Ein leiken og fengjande song på nynorsk med ein tilhøyrande dans for barn og unge. Vi har også har arbeidd med fleire store digitale formidlingsprosjekt som Aasens reiser og eit internasjonalt samarbeidsprosjekt om mindretalsspråk som begge har kravd store ressursar dette året og blir lansert i løpet av våren 2024.

Følgjarar i sosiale medium

I 2023 hadde Nynorsk kultursentrum til saman 20 232 følgjarar av våre kanalar i sosiale medium. Til samanlikning var følgjartalet i 2022 19 568. Sjølv om auken på 664 følgjarar relativt sett ikkje er stor, ser vi samstundes at fråfallet av følgjarar er liten.

Podkast og YouTube

Podkast var ikkje eit prioritert område i 2023, og det vart dermed ikkje publisert nye episodar på Nynorsk kultursentrum sin podkastkanal «Nynorsk no». Trass dette auka talet avspelingar frå 1095 avspelingar i 2022 til 1 323 avspelingar i 2023. YouTube-kanalen hadde ni nye publiseringar og til saman 33 020 avspelingar i 2023, og vi såg med dette ei auke på 20 077 frå 2022.

DigitaltMuseum

Mot slutten av 2023 vart heile boksamlinga til Ivar Aasen tilgjengeleg digitalt på nettstaden DigitaltMuseum, etter to år med systematisk og detaljorientert arbeid. Vi har gjennom året også registrert og publisert fleire hundre bøker frå Hauge-boksamlinga. Arbeidet med å gjere heile samlinga tilgjengeleg på DigitaltMuseum held fram i 2024.

Store norske leksikon

Det var heile 6,2 millionar sidevisingar for nynorskinnhaldet på Store norske leksikon i 2023. 1 130 nyskrivne nynorske artiklar vart publisert og dermed er det endå meir nynorsk tilgjengeleg i kvardagen for dei som leitar etter relevant og kvalitetssikra kunnskapsinnhald på nett.



I Aasentunet var det skriveverkstad i samband med markeringa av eittårsdagen for krigen i Ukraina. Arrangement var i samarbeid med Volda læringsenter



6. klasse ved Seljord barneskule fekk besøk av DKS-framsyninga «Hjartet i alle fargar» i Den kulturelle skulesekken som turnerte i Vest-Telemark hausten 2023



65 barn kom for å sjå kunsten dei hadde laga til barnekunstutstillinga ved Vinjesenteret. Til saman vitja 79 personar utstillinga der



Vandreutstillinga «Kva er ei ordbok?» vart laga i samband med 150-årsjubileet for Ivar Aasen si ordbok, og er basert på ei større utstilling ved UiB som Nynorsk kultursentrum også var med på å lage



Den nye DKS framsyninga «Blindsone» hadde gode øvingsdagar på folkehøgskulen i Ørsta i mai 2023. Framsyninga har offisiell premiere under Festspela 2024



Forfatter og journalist Anders Totland besøkte det Nynorske pilotbiblioteket i Lom



Elevane ved Volda vidaregåandeskule fekk besøk av forfatter Brynjulf Jung Tjønn som ein del av turneen i Litteraturhus i Møre og Romsdal



Elevar frå Voss gymnas var mellom dei som deltok på skrivevekstaden «Olav H. og eg»



NRK Møre og Romsdal laga ei TV-reportasje frå Haddal skule der elevane hadde øvt inn både sangen og dansen til den nye nynorske Venskapssongen



Over 80 barn i Ørsta og Volda var inviterete til å delta på opninga av Festspela 2023, der temaet var «Barnet»




Skribent og forfatter Jarl Wåge i samtale med Skeivt arkiv under Bygdepride om livet som homofil på 1980-talet kontra i dag


3.4 Haugesenteret og Poesifestivalen



Gjester ved Haugesenteret



Gjester under 18 år



Elevar som deltok på
skriveverkstaden
Olav H. og Eg

350

Haugesenteret i Ulvik er Noregs einaste poesimuseum. Her kan ein oppleve lyrikk i mange former og på tvers av språkgrenser.

Tilbod til skular og barnehagar

Haugesenteret tilbyr formidlingsopplegg frå barnehage til og med vidaregåande opplæring. Det mest skapande ungdomstilbodet er poesiverkstaden *Olav H. og Eg*, der elevar frå Hardanger og Voss skriv dikt inspirert av Olav H. Hauge. I året der Jon Fosse vart tildelt nobelprisen i litteratur har Haugesenteret også hatt skriveverkstad med utgangspunkt i Fosse sin poesi. I samarbeid med Litteraturbåten Epos hadde Haugesenteret (verds)premiere på teaterframsyninga *Ylva og Villgeitene*, basert på barneboka med same namn, skriven av Hilde Myklebust.

Reisemålet Haugesenteret

Haugesenteret er ein møteplass for både lokale og nasjonale lyrikkentusiastar. 2023 var også året der Haugesenteret var

del av ein reisereportasje i New York Times. I samarbeid med lokalt og regionalt reise- og næringsliv, organisasjonar og herad, kan vi syne til fleire tilbod utandørs og gjensidig samarbeid om marknadsføring gjennom sesongen. Det var 1027 gjester innom Haugesenteret i hovudsesongen april–september. I eit år utan Poesifestival var det likevel arrangement og aktivitet ved senteret gjennom heile året.

Poesifestivalen

Forskningsnettverket for poetisk tenking og Nynorsk kultursentrum arrangerte i september eit seminar om forfattarskapen til Olav H. Hauge, med sikte på bokutgiving i 2024. Sjølv om forfattarskapen framleis er levande både som formidlings- og forskingsobjekt, er det faktisk 30 år sidan *Tunn is*, den siste reine forskingsantologien om Hauge, vart gitt ut.

Haugesenteret markerte tildelinga av nobelprisen i litteratur til Jon Fosse

– Eg vel å sjå denne pristil-
delinga som ei tildeling til den
litteraturen som fyrst og sist vil
vera litteratur, utan å ta andre
omsyn. Og ikkje minst vel eg å
sjå pristildelinga som ein pris til
nynorsken og til den nynorske
målreisinga. Anten eg vil eller
ei, må eg i sannings namn
takka nynorsken for prisen.

Jon Fosse



5. klassingar ved Brakanes skule i Ulvik hadde lese dikt i fleire veker og var klare for å bokbada forfattar Ruth Lillegraven. Elevane lurte mellom anna på korleis eit dikt eigentleg vert til, og korleis det er å vera forfattar med eiga skrivestove.



Poesikonserten «Alle har en liten dør bak øret» tok 60 små og store med på eit spennande eventyr.



Gro Dahle vart heidra med ei eiga helle på Diktarstien på tunet ved Hardanger folkemuseum på Utne i 2023. Haugesenteret deler ut prisen saman med Hardanger folkemuseum




Haugesenteret har egne formidlingsopplegg for barn og unge, mellom anna skriveverkstaden «Olav H. og eg»

3.5 Vinjesenteret og Litteraturdagane



Gjester ved Vinjesenteret



Gjester under 18 år



Gjester på Litteraturdagane

1 961

Vinjesenteret i Telemark er eit nasjonalt formidlingssenter for diktning og journalistikk. Her kan publikum oppdage og oppleve kva dei sanne og dei dikta forteljingane betyr for samfunnet.

Tilbod til skular og barnehagar

Vinjesenteret har fleire formidlingstilbod for skular og barnehagar i Vest-Telemark. Kwart år blir det arrangert turnéar med forfattarar og framsyningar for heile grunnskuleløpet. Fantasihagen er det største bidraget, der 140 elevar ved barneskulane i Vinje har illustrert dikt og forteljingar av nynorskforfattarar. Illustrasjonane vart stilt ut utanfor museet i sommarsesongen og vart på denne måten om til ein hage full av fantasi.

Reisemålet Vinjesenteret

Sommarsesongen er den viktigaste tida for besøk i utstillinga i Vinjesenteret, sidan åtte av ti gjester tok turen til Vinjesenteret

i perioden juni til august. I tillegg til open utstilling, kiosk og museumsbutikk har vi òg tilbod om omvisingar i Vinjestoga. Nynorsk kultursentrum testar ut tidspunkt for helgeope og ulike typar arrangement for å skape eit meir attraktivt tilbod for fastbuande, hyttefolk og tilreisande til Vinje.

Litteraturdagane

Temaet for Litteraturdagane 2023 var «Motkultur», noko som viste godt att både i litterære samtalar og i musikkprogrammet for festivalen. Festivalen tematiserte mellom anna folke-musikk som motkultur, krigsmotstand og heimlengt, og det norsk-samiske bandet ISÁK stod for ein av konsertane. 1961 gjester og om lag 30 frivillige deltok på festivalen.

I den interaktive temautstillinga for terrorangrepa 22. juli får publikum høyre eit utval forfattarar og journalistar fortelje om sine opplevingar av denne fatale dagen i norsk historie



Vinjesenteret formidlar forteljingar, både dei sanne og dei dikta. Journalisten og dikteren Aasmund Olavsson Vinje er eit godt døme på kor tett desse sjangrane heng saman og utfyller kvarandre



Ved hjelp av den digitale bokhylla til Vinjesenteret kan ein gjere eit raskt djupdykk inn i utvalde bøker



Litteraturdagane skapar gode møteplassar for både tilreisande og lokalt publikum – her frå opningskonserten med ISÁK




Publikum fekk med seg mange gode samtalar frå scena på Vinjar under Litteraturdagane 2023

3.6 Aasentunet og Festspela



Gjester i Aasentunet



Gjester under 18 år



Gjester på Festspela

3 659

Sidan slutten av 1800-talet har folk kome til Aasentunet på Sunnmøre for å oppleve språk, litteratur, arkitektur, kultur og musikk.

Tilbod til skular og barnehagar

Nynorsk kultursentrum tilbyr mange ulike formidlingsopplegg for barnehage- og skuleelevar på alle årssteg. Dette gjer vi mellom anna gjennom besøk frå og til store delar av nær-området vårt, i tillegg til faste tilbod gjennom Den kulturelle skulesekken i Ørsta og Volda. Vi formidlar nynorsk språk, litteratur og kulturhistorie ved hjelp av ulike innfallsvinklar som til dømes museumsomvisingar, fluktrute («escape room»), forfatterbesøk, barnekunstutstillingar og framsyningar med ulike former for medverknad.

Reisemålet Aasentunet

Aasentunet er tilgjengeleg for grupper og enkeltbesøk gjennom heile året, og har arrangement for både barn og vaksne som tiltrekkjer både lokale og langvegsfarande

gjester. I alt 5978 gjester besøkte Aasentunet i 2023. Dette er på same nivå som i 2022. Vi hadde 42 utleigearrangement i 2023. Dette er 12 ferre enn i 2022, men med totalt fleire gjester på desse arrangementa.

Festspela

I 2023 var forfattar, illustratør og biletkunstnar Kari Stai festspeldiktar. Temaet for Festspela var «Barnet». Vi tok både temaet og den aktuelle aldersgruppa på alvor i programmeringa, og tilbød i større grad arrangement for og med barn. Gjestetalet auka med om lag 850 gjester samanlikna med 2022, og det vart gjennomført til saman 48 arrangement under festivalen. Festspela lykkast med å presentere biletbøker, sakprosa og skjønnlitteratur for både barn og vaksne, og spegla på denne måten den allsidige forfatterskapen til Stai.

Omlag 650 fekk med seg konserten med Bjørn Eidsvåg i Uteamfiet i Aasentunet under Festspela 2023



Formidlar i Aasentunet, Ida Karin Aarflot Kornberg, fortel både historia om språkforskaren Ivar Aasen sitt liv og virke, og om språk og skriftkultur i dag



31 frivillige var i sving under Festspela



Jakob Haugset, leiar av Barnas klimapanel, samtala under Festspela med Svein Olav Landeråker frå Framtida Junior og Kristine Magnesen, redaktør for Vesle norske leksikon, om korleis snakke om vanskelege tema med barn og unge



Forfatter, illustratør og biletkunstnar Kari Stai var festspeldiktar i 2023

4 FELLEFSUNKSJONAR

4.1 Organisasjon



Nynorsk kultursentrum skal vere ein attraktiv arbeidsplass i lokalsamfunna vi er til stades i.

Helse, miljø og sikkerheit

Organisasjonen har vedtekne planar og innarbeidde rutinar for helse, miljø og tryggleik i arbeidskvardagen og under arrangement og festivalar. Verksemda har eige arbeidsmiljøutval.

Organisatoriske utfordringar har ført til at det blei sett inn ekstraordinære tiltak for arbeidsmiljøet i 2023. Dette arbeidet held fram i 2024. Det vart meldt om ein mindre skade i perioden. Arbeidsmiljøet er no trygt og i tråd med arbeidsmiljølova.

Sjukefråværet var 8,7 prosent i 2023, mot 6,5 prosent i 2022. Fråværet under 16 dagar var på 4,0 prosent (+1,2), og fråværet over 16 dagar var på 4,7 prosent (+1,0). Stiftinga arbeider medvite med oppfølging og tilrettelegging for å redusere sjukefråværet.

Stiftinga har retningslinjer for å førebyggje trakassering. Vi arbeider etter lovverket for å unngå forskjellsbehandling

og diskriminering. Stiftinga har som prinsipp at utøvarar ikkje skal vere påverka av rusmiddel under arrangement.

Likestilling og mangfald


I styret er det fire kvinner og tre menn, og leiargruppa var ved utgangen av 2023 sett saman av to menn og tre kvinner. 13 menn og 26 kvinner hadde arbeidsavtale hjå NK per 31.12.2023. Ved innleige av utøvarar til arrangement og turnear legg stiftinga vekt på at det over tid skal vere lik representasjon av kvinner og menn.

Organisasjonen utarbeidde i 2020 ein mangfaldsplakat (side 11) for verksemda. Denne vart oppdatert i 2022.

Ytre miljø

Stiftinga forsøker å avgrense påverknaden på det ytre miljøet. Aasentunet har el-varebil, og det er kjeldesortering ved alle dei tre arenaene. Gjester og utøvarar blir oppmoda om å reise med buss eller tog der det er mogleg.

4.2 Økonomi



Nynorsk kultursentrum har eigenkapital tilsvarande 31 prosent av driftsinntektene. Dette gir solid grunnlag for vidare drift.

Rekneskap 2023

Stiftinga hadde driftsinntekter på 35 876 087 kr og driftskostnader på 34 968 357 kr i 2023. 91 prosent av inntektene var offentlege tilskot, medan 9 prosent var marknadsinntekter, gåver og sponsoravtalar. Stiftinga har inga lang-siktig gjeld. Resultatet på 1 295 950 kr styrkjer eigenkapitalen til 11 177 109 kr.

Kostnadene til pensjon, løn og sosiale kostnader var på 57 prosent av samla inntekter, mot 54 prosent året før. Ein del av auken skuldast ein eingongskostnad for pensjon i tråd med nye pensjonsreglar frå 1.1.23. Dei samla driftsinntektene gjekk ned med 1,7 prosent og driftskostnadene gjekk ned med 3,4 prosent.

Private gåver og prosjektmidlar

998 000 kroner

Tilskot og prosjekt

Stiftinga har fått 998 000 kroner i private gåver og prosjektmidlar. Både gåvene og prosjektmidlane var øyremerka festivalar og formidlingstiltak.

Investeringar


Det vart kjøpt inn nytt ventilasjonsanlegg til arkivmagasinet i Aasentunet. Utanom dette er det berre gjort mindre investeringar i løpet av året.

Avsetjingar

Det er sett av 700 000 kr til ny basisutstilling i Aasentunet og 200 000 kr til arbeidsmiljøtiltak.

4.3 Sal

Eigeninntekter per inntektskjelde, etter arena



* Det var ikkje Poesifestival i 2023

Selde bøker av butikksalet

51%



- 5% frå 2022

Selde Ivar Aasen-bokstarar

416



-69 frå 2022

Nynorsk kultursentrum driv museumsbutikkar ved Haugesenteret, Vinjesenteret og i Aasentunet. Ved dei to sistnemnde stadane har vi også kafétilbod og driv utleige av lokala våre. Nettbutikken handlenett.no er ein integrert del av butikkdrifta vår.

Nedgang i sal

Den totale omsetnaden i butikkane våre har gått ned frå 2022 til 2023. Noko av nedgangen skuldast eit år utan Poesifestival og generelt vanskelegare privat-økonomi i samfunnet rundt oss. Samstundes førte tildelinga av nobelprisen i litteratur til Fosse med seg auke i salet mot slutten av året.

Nettbutikken handlenett.no

Netthandelen på handlenett.no utgjør om lag 35% av omsetnaden i butikken i Aasentunet. Lite har blitt gjort i 2023 med tanke på utvikling av nettstaden, og det er behov for ei oppfrisking av utsjånaden og nye funksjonar for meirsal. Noko av omsetninga i nettbutikken er tett knytt til utsending av nyheitsbrev, noko som har vore prioritert ned i 2023.


Kafétilbod med lokalt preg

Kafédrifta har over tid blitt effektivisert og betre tilpassa råvaretilgjenge ved arenaene. Mykje av utvalet i kioskaner og kaféane er levert av lokale eller spesialiserte matprodusentar og -distributørar. Vi har gode erfaringar med tilbod av ferdiglaga rettar gjennom samarbeid med lokale leverandørar. Mykje er blitt gjort for å redusere svinn.


Eigenutvikla varer

Vi har fleire eigenutvikla varer og kan dermed tilby kundane våre unike produkt. I Vi har fleire eigenutvikla varer å tilby kundane våre. I 2023 vart det mellom anna produsert barneforkle, kopp og fat med illustrasjonar frå festspeldiktar Kari Stai, og både Aasentunet og Vinjesenteret har no fått sine egne turkoppar i same stil som Haugesenteret har hatt. Nokre av varene våre vart også selde i butikkane til til dømes Det Norske Teatret og Sunnmørsalpane Guide Service.

Omsetnad, butikkar



Omsetnad, kafé



4.4 Kommunikasjon



Venskapssongen «Kom som du er» vart vist på NRK Møre & Romsdal



Haugesenteret var med i reportasjen "A boat brings books and comfort to isolated villages along Norway's coast" i New York Times

For Nynorsk kultursentrum er det viktig at stiftinga, aktivitetane og medarbeidarane våre er synlege for målgruppene vi ønskjer å nå. Desse skal vi nå gjennom å vere pålitlege, samlande og kreative, slik dei fastsette verdiane seier. Vi skal også vere ein del av den offentlege samtalen om nynorsk skriftkultur, til dømes ved å gi høyringsinnspel til departement, storting og andre offentlege organ.

Hovudsakene i pressa

I 2023 starta vår eigenproduserte DKS-førestilling «Hjarte i alle fargar» ein større debatt i media om fritaksreglar i skulen då ein skule i Vest-Telemark sende ut tilbod om fritak frå førestillinga. I tillegg til å vere ei heit sak i lokale og regionale media, vart saka mellom anna omtala i ein av Noregs største podkastar Jan Thomas og Einar blir venner, som støtta både DKS-produksjonen og NK.

Under Festspela 2023 hadde NRK Møre og Romsdal fleire direktesendingar på radio. Venskapssongen som vart lansert i våren 2023 fekk også TV-tid i ei reportasje frå Haddal skule og frå framføringa under opninga av Nynorskhuset i Førde.

Haugesenteret var med i ein 10-siders biletreportasje i New York Times under tittelen "A boat brings books and comfort to isolated villages along Norway's coast". Fotograf og journalist James Hill fylgde bokbåten Epos på ferda langs Hardangerfjorden ei veke i mai. Då båten kom til Ulvik vart både Haugesenteret og framsyninga "Ylva og villegeitene" ein del av reportasjen.

I løpet av året har direktør og styreleiar gått av, og ny direktør har blitt tilsett. Alle desse sakene har skapt mediemerkeemd.

Marknadsstrategi

Vi har i 2023 halde fram med å prioritere meir digital marknadsføring, særleg nasjonalt. Lokalt har vi nytta både digital og trykt annonsering. Vi ser stadig på korleis vi kan effektivisere bruken av annonsekroner, samstundes som vi ønskjer å nå fleire og meir målretta. Vi er også opptekne av å etablere gode samarbeid med andre aktørar som kan styrkje posisjonen vår i marknaden og gjere oss endå meir synlege.

Politisk påverknad

Nynorsk kultursentrum har på vegner av Nynorsk forum delteke i høyring i Stortinget om kulturbudsjettet. Det har blitt sendt inn høyringssvar om eit heilskapleg system for kompetanse- og karriereutvikling i barnehage og skule, om ytringsfridom til meldinga «En åpen og opplyst offentlig samtale», innspel til arbeidet med ein handlingsplan for norsk fagspråk i akademia og høyring om framlegg til rettskrivingsendringar.

Nynorsk kultursentrum ved avdeling Haugesenteret er med i arbeidsutvalet i Nynorskfylket Vestland. Arbeidsutvalet har vore referansegruppe i arbeidet med retningslinjer for språk i fylkeskommunen. Politisk sak vart lagt fram i fylkestinget 13.-14. desember 2023.

Strategi 2023–2028

Vedteken 27.9.2022



VISJON

**Nynorsk for hovud og
hjarte til heile landet**

HOVUDMÅL

1. Samlingane våre er registrert og publisert på nett
2. Minneintervju og foto dokumenterer samtida
3. Fleire tilsette publiserer forskning, og me samarbeider med forskarar om meir forskingsbasert formidling
4. Tilbodet på arenaene, på turné og digitalt er godt tilpassa målgruppene
5. Me deltek i strategiske samarbeid med nasjonale og regionale aktørar for å styrkje nynorsk skriftkultur
6. Mangfaldsplakaten er eit dagleg arbeidsverktøy
7. Institusjonen vurderer følgjene for økonomi, personell, klima/miljø og universell utforming i alle saker

VERDIAR

**Samlande
Kreativ
Påliteleg**

SAMFUNNSOPPDRAG

**Me aukar kunnskapen
og medvitet om
nynorsk skriftkultur**

FØREMÅLET

«Den ideelle stiftinga arbeider for nynorsk skriftkultur. Med utgangspunkt i føremålet skal stiftinga drive vitskapleg og kultur-fagleg aktivitet som aukar kunnskapen og medvitet om nynorsk skriftkultur nasjonalt og internasjonalt. Det gjer museet gjennom dokumentasjon, forvaltning, forskning, formidling, fornying og politisk påverknadsarbeid.»

Frå vedtektene for Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur, 26.2.2021

VERDIAR

Samlande

- Me er samlande for alle som arbeider for og med nynorsk i heile landet
- Me er på tre arbeidsstader, men er éin samla organisasjon
- Me fremmer dialog og diskusjon
- Det skal vere låg terskel for å delta på våre tilbod, både fysisk og på nett

Kreativ

- Me har fridom til å tenkje nytt og kreativt
- Me finn nye koplingar og kreative løysingar
- Me er ein fleksibel organisasjon
- Me er opne for nye samarbeid
- Me er alltid på jakt etter ny kunnskap om fortida, er med på å forme samtalen om samtida og tenkjer høgt om framtida
- Me nyttar kunnskapen vår til å kople det lokale med det nasjonale og det globale

Påliteleg

- Det me formidlar er forskings- og kunnskapsbasert
- Me har tydelege og rettvisе rammer som arbeids- og oppdragsgjevar
- Me er saklege og tydelege når me deltek i samfunnsdebatten
- Me har berekraftig drift av organisasjonen vår

HOVUDMÅLGRUPPENE

Vaksne som går ofte på kulturarrangement, bibliotek og museum



7-åringar med nynorsk som førstespråk



16-åringar med nynorsk som førstespråk



SUKSESSFAKTORANE

Mål	Måleindikatorar
1-3 Samling og forskning	Tal • Del av dei registrerte museumssamlingane som er digitalisert og publisert • Del av arkivsamlingane som er registrert og publisert • Innsamla, transkriberte og publiserte minneintervju • Tilsette med forskingstid • Førstekompetente som har gitt råd om utstillingar, turnear, festivalar Handlingar • Etablering av teneste og rutinar for dokumentasjonsfoto av frivillige
4 Formidling	Tal • Barnehagebarn og skuleelevar per steg og per arena/ turné • Prosjekt med samskaping per målgruppe • Prosjekt med medverknad/ fokusgruppe per målgruppe Handlingar • Nettsidene og sosiale medium-kanalar blir evaluert kvart 2. år for å nå målgrupper og interessentar
5-7 Samarbeid og utvikling	Tal • Kommunar med vandreutstilling/ arrangement • Lesar- og publikasjonstal på nynorsk i Store norske leksikon • Del av Administrativ handbok som er revidert for å ta omsyn til klima/miljø, universell utforming og personell. • Vurdert til minst «tilfredsstillande» i Kulturrådet sine evalueringar • Eigenkapital i prosent av årlege driftskostnader Handlingar • Årleg styresak om den politiske stoda for nynorsk skriftkultur • Alle styresaker vurderer konsekvensar for økonomi, klima/miljø, universell utforming og personell. • All planlegging og alle prosjekt byrjar med gjennomgang av mangfaldsplakaten

STRATEGIANE OG LANGTIDSPLANANE

Strategiar

- Kommunikasjonsstrategi
- Personalstrategi
- Språkpolitisk strategi
- Mangfaldsstrategi
- Formidlingsstrategi
- Klima- og miljøstrategi

Langtidsplanar

- Samlingsforvaltning
- Forsking
- Digital formidling
- Turnear og vandreutstillingar
- Utstillingar og arrangement på arenaene
- Økonomi og administrasjon
- Drift og vedlikehald

Ørsta, 22. februar 2024




Jan Olav Baarøy
styreleiar



Amela Koluder
nestleiar



Kristin Bakken
styremedlem



Sæbjørn Forberg
styremedlem




Siri Beate Gjerde
styremedlem



Lars Kvestad
styremedlem



Janne Nygård
styremedlem



Olav Øyehaug Opsvik
direktør

Resultatrekneskap

Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2023	2022
Sal av varer		1 492 065	1 718 390
Tilskot frå Kulturdep. o.a.	1	33 370 627	33 234 894
Billettsal		806 109	1 329 116
Andre inntekter		207 285	196 631
Sum driftsinntekter		<u>35 876 087</u>	<u>36 479 031</u>
Varekostnad		994 102	975 305
Lønskostnader m.m.	2	20 588 589	19 598 085
Ordinære avskrivningar	3	662 543	677 082
Leigekostnader		948 736	995 580
Utstyr og driftsmateriell, straum		1 289 389	1 849 614
Reparasjonar og vedlikehald		245 990	387 007
Reise/opphald		1 929 861	2 233 038
Honorar	2	4 592 601	5 477 930
Marknadsføring		923 200	1 010 589
Ymse kontorkostnader/porto m.m.		1 403 020	1 517 132
Andre driftskostnader		1 390 324	1 481 874
Sum driftskostnader		<u>34 968 357</u>	<u>36 203 236</u>
Driftsresultat		<u>907 730</u>	<u>275 795</u>
Finansinntekter og finanskostnader			
Renteinntekter		382 822	108 293
Annan Finansinntekt		7 754	0
Rentekostnader		2 356	830
Annan finanskostnad		0	489
Resultat av finanspostar		<u>388 220</u>	<u>106 974</u>
Resultat før skattekostnad		1 295 950	382 769
Resultat		<u>1 295 950</u>	<u>382 769</u>
Årsoverskot	4	<u>1 295 950</u>	<u>382 769</u>
Overføringar			
Avsett til forpliktingar	4	900 000	250 000
Overføringar annan eigenkapital	4	395 950	132 769
Sum overføringar		<u>1 295 950</u>	<u>382 769</u>

Balanse

Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur


Eigedelar	Note	2023	2022
Anleggsmiddel			
Varige driftsmiddel			
Utekafè, -scene, stabbur og ny veg	3	1 964 562	1 749 131
Inventar og utstyr	3	1 704 897	1 845 786
Sum varige driftsmiddel		<u>3 669 460</u>	<u>3 594 917</u>
Finansielle driftsmiddel			
Investeringer i aksjer og andeler		50 000	0
Sum finansielle anleggsmiddel		<u>50 000</u>	<u>0</u>
Sum anleggsmiddel		<u>3 719 460</u>	<u>3 594 917</u>
Omløpsmiddel			
Varelager	5	1 514 500	1 329 100
Krav			
Kundar	6	654 342	572 967
Andre krav	6	940 768	865 440
Sum krav		<u>1 595 111</u>	<u>1 438 407</u>
Bank, kasse (bundne skattetrekksmidler utgjør kr 624 574)		13 535 814	10 846 204
Sum omløpsmiddel		<u>16 645 425</u>	<u>13 613 711</u>
Sum eigedelar		<u>20 364 884</u>	<u>17 208 628</u>


Balanse


Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur


Eigenkapital og gjeld	Note	2023	2022
Innskoten eigenkapital			
Grunnfond	4	270 000	270 000
Sum innskoten eigenkapital		<u>270 000</u>	<u>270 000</u>
Opptent eigenkapital			
Avsetjing for framtidige kostnader	4	4 728 970	3 828 970
Annan eigenkapital	4	6 178 139	5 782 190
Sum opptent eigenkapital		<u>10 907 109</u>	<u>9 611 160</u>
Sum eigenkapital		<u>11 177 109</u>	<u>9 881 160</u>
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		1 306 429	1 833 597
Trekk og offentlege avgifter		1 211 675	1 307 684
Påkomne kostnader		1 778 661	1 863 205
Periodiserte tilskot		4 891 010	2 322 983
Sum kortsiktig gjeld		<u>9 187 775</u>	<u>7 327 468</u>
Sum gjeld		<u>9 187 775</u>	<u>7 327 468</u>
Sum eigenkapital og gjeld		<u>20 364 884</u>	<u>17 208 628</u>


I styret for STI Nynorsk kultursentrum, Hovdebygda 22.2.24



Jan Olav Baarøy
Styreleiar



Amela Koluder
Nestleiar



Lars August Hafting Kvestad
Styremedlem


Janne-Kristin Svarstad Nygård
Styremedlem


Kristin Bakken
Styremedlem


Siri Beate Gjørde
Styremedlem


Sæbjørn Forberg
Styremedlem


Olav Øyehaug Opsvik
Direktør

NOTAR for 2023

Nynorsk Kultursentrum, musea for skriftkultur

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998. Rekneskapsprinsippa vert skildra nedanfor.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld

Eigedelar som er bestemt til varig eige eller bruk, er klassifiserte som anleggsmiddel.

Andre eigedelar er klassifiserte som omløpsmiddel. Krav som skal tilbakebetalast innan eitt år, er klassifiserte som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterium lagt til grunn.

Anleggsmiddel vert vurderte til kostpris, men vert nedskrivne til verkeleg verdi når verdifallet er venta ikkje å vere forbigåande. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne planmessig. Langsiktig gjeld vert balanseført til nominell sum på etableringstidspunktet.

Omløpsmiddel vert vurderte til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominell sum på etableringstidspunktet.

Inntektsføringsprinsipp

Off. tilskot til drifta vert inntektsførde i same periode som desse er meint å dekkje frå tilskotsgevar.

Prosjektinntekter vert periodiserte til inntekt i takt med gjennomføring av prosjekta. Utbetalte tilskot for prosjekt, som ikkje er oppstarta, vert såleis balanseførde som forplikting. Andre inntekter vert inntektsførde ved opptening for tenester og på leveringstidspunktet for selde varer.

Note 1 Offentlege og andre tilskot (inntektsført del i 2023)	2023	2022
Kulturdepartementet	25 005 000	23 935 000
Tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune	755 045	1 039 839
Tilskot frå Vestland fylkeskommune	1 251 276	1 600 510
Tilskot frå Ørsta og Volda kommunar	154 100	212 000
Tilskot frå Ulvik kommune	1 550 000	1 740 000
Tilskot frå Vinje kommune	1 581 241	1 490 710
Tilskot Norsk kulturråd	415 000	630 000
Tilskot Vestfold og Telemark Fylkeskommune	929 286	918 782
Tilskot frå Nasjonalbiblioteket		0
Tilskot Fritt Ord	400 000	280 000
Andre offentlege tilskot	731 679	556 427
Andre tilskot	73 000	159 627
Gåvemidlar	525 000	672 000
Sum tilskot	33 370 627	33 234 894

Note 2 Lønskostnad, tal på tilsette m.m.

	2023	2022
Lønskostnad	15 834 132	15 392 089
Folketrygdavgift	2 351 212	2 225 311
Oppg.pl. honorar	343 512	447 055
Pensjonsytingar	1 792 417	1 208 132
Andre ytingar	267 317	325 498
	<u>20 588 589</u>	<u>19 598 085</u>
Gjennomsnittleg tal på tilsette (årsverk)	23,0	24,1

Note 3 Driftsmiddel, avskrivingar**Tilskot til inventar/utstilling og bygg**

	Inventar/ utstilling/bil/retta r	Amfi/ute- kafe/utscene/ stabbur/veg	Bygg	Sum
Kostpris l.l.	26 560 157	8 358 477	43 800 000	78 718 634
+ Tilgang	336 118	460 968	0	797 087
- Avgang	0	0	0	0
- Tilskot	0	0	0	0
-Overføring frå egne avsetjingar	0	0	0	0
- Tilskot - akkumulerte tal per 31.12	-19 954 362	-4 164 500	-43 800 000	-67 918 862
Akk. avskrivingar 31.12.	-5 237 048	-2 690 382	0	-7 927 431
Bokført verdi 31.12	1 704 897	1 964 562	0	3 669 460
Avskrivingar i år	417 308	245 537	0	662 543
Avskrivingssats	10-33%	4-10%		

Stiftinga har i 2002 fått vederlagsfri heimsoverføring frå Staten på den faste eigedomen. Dette byggjer på ein føresetnad om at nybygget ikkje skal omsetast. Dette er i samsvar med § 9 i vedtektene for stiftinga, der det heiter at den rørlege og urørlege eigedomen til stiftinga kan ikkje avhendast, med mindre det følgjer av gjenstandens art eller føremålet med å tileigne seg gjenstanden". Som følge av dette er verdien oppført til kostpris kr 0,- for stiftinga, men slik at byggjekostnaden er vist i oppstillinga ovanfor og med tilsvarande sum som tilskot.

Stiftinga har pensjonsordningar i Statens pensjonskasse. Ordningane gir rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengige av tal oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingar frå folketrygda. Pensjonsordninga fyller krava til OTP.

Note 4 Eigenkapital

	Grunnfond	Avsetjing til framtidige forpliktingar	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Eigenkapital pr. 01.01.2023	270 000	3 828 970	5 782 190	9 881 160
Årets resultat		900 000	395 950	1 295 950
Bruk av avsetjing til framtidige kostnader				-
Eigenkapital pr. 31.12.2023	<u>270 000</u>	<u>4 728 970</u>	<u>6 178 139</u>	<u>11 177 109</u>

Note 5 Varelager

Varelageret er vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi.

Note 6 Andre krav

Krava er verdsette til pålydande og forfell innan 1 år.

Til styret i
Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur

Melding frå uavhengig revisor

Side 1 av 3

Konklusjon

Vi har revidert **Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur** sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 1.295.950. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2023 og resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisebilde av stiftinga si finansielle stilling per 31. desember 2023, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av stiftinga slik det er krav om i lov og forskrift og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelege og føremålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Leiinga er òg ansvarleg for ytterlegare informasjon i årsrapporten som vert publisert saman med årsrekneskapen, årsmeldinga og revisjonsmeldinga. Våre fråsegner om revisjonen av årsrekneskapen og andre lovmessige krav dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

ØRSTA:	NORDFJORDEID:	STRYN:
Ivar Aasengt. 10, Postb. 203, 6151 Ørsta Tlf.: 70 04 59 00	Øyane 11, Postb. 315, 6772 Nordfjordeid Tlf.: 57 88 64 16	Tonningsg. 42, 6783 Stryn Tlf.: 48 44 07 30

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og rekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld

vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at slik informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi ha rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, medrekna at han gir eit rettvise bilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er utført med vilje.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til stiftinga si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil verte avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå forsvarleg sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av feil eller misgjerdar, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meininga vår. Forsvarleg sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg og ISA-ane, alltid vil avdekkje vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misgjerdar eller feil som ikkje er utført med vilje. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan ventast å påverke økonomiske avgjerdar som brukarane tek basert på årsrekneskapen.

For vidare beskrivelse av revisors oppgåver og plikter vises det til:

<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik han er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg til bruk av overskotet, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik han er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000

«Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av stiftinga sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Konklusjon om utdeling og forvaltning

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen, som skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i samsvar med internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000, meiner vi stiftinga er forvalta og utdelingar utført i samsvar med lov, stiftinga sitt føremål og vedtektene elles.

Ørsta, 23.2.2024

Hovden & Vatne statsautoriserte revisorar AS



Dag Hopland

statsautorisert revisor

